

Sak: 27/2016

Saksgrunnlag – Kommunestruktur – tidsplan

Bakgrunn:

Intensjonsavtalen vart underskriven 1. mars. Den er no ute på høyring i kommunane. Kommunane skal innan 15. april ha sendt ei oppsummering til prosjektleiar av kva som har kome fram i høyringsperioden og eventuelle forslag til endring av intensjonsavtalen. Redaksjonsutvalet skal møtast 19. april for å gå gjennom dei innspela som kjem inn. Dei vurderer då om det er behov for møte i forhandlingsutvalet 26. april.

Opinionsundersøkinga startar om lag 1. mai. Folkeavstemming 23. mai.

Den 26. mai samlast forhandlingsutvalet til felles presentasjon av resultatata frå folkeavstemming og opinionsundersøkinga. Her må då diskusjonen starte om kva vurderingar som vil bli gjort i kvar einskild kommune.

Det er lagt opp til at det skal vere felles kommunestyremøte 22. juni. Så er det peika på at vi må ha ein meir detaljert køyreplan frå og med 26. mai til og med 22. juni. Siktemålet er at for dei kommunane som vil vere med å byggja ein ny kommune, så møtast kommunestyra 22. juni på same stad. Der har kommunane først møte enkeltvis der det er tre saker på dagsorden:

1. Ja/(Nei) til å byggja ein Ny kommune
2. Val av representantar til «fellesnemnda»
3. Kva oppdrag/fullmakt «fellesnemnda» skal ha (må ha ei felles saksutgreiing om dette)

Deretter samlast alle og har felles kommunestyremøte der fellesnemnd/prosjektnemnd vert oppretta.

For å få til dette, må alle kommunestyra avklara om det er fleirtal for Ja/Nei til å byggja ein ny kommune før 22. juni. Vi foreslår at dette skjer 16. juni. Formannskapet kan i møte 6. juni ha laga ei innstilling. Det gir oss følgjande timeplan:

26. mai	6. juni	16. juni	22. juni
Forhandlings- utvalet evt formannskapa	Formannskapa	Kommunestyra	Felles kommunestyre – for dei som seier Ja
Presentasjon av resultat folkeavrøysting og opinionsundersøking	Forslag til vedtak i kommunestyret om Ja/Nei til å byggja ein Ny kommune	Gjer «prøveavrøysting» om Ja/Nei til å byggja ein Ny kommune	Først separate kommunestyremøte – vedtak Ja/(Nei) Så eit felles møte – vel «fellesnemnda» eller prosjektnemnd. Dei konstituerer seg med leiar og nestleiar

Forslag til vedtak:

- Regionrådet sluttar seg til forslaget til tidsplan for kommunestrukturprosjektet. Kvar einskild kommune fylgjer dette opp slik at det er avklart innan 16. juni kva kommunar som vil seia Ja til ny kommune i Nordhordland.
- Den 22. juni vil dei kommunane som vil seia Ja til ny kommune, ha eit felles kommunestyremøte.
- Regionrådet ber NUI å laga ei felles saksutgreiing til dei kommunane som seier Ja til å byggja ein ny kommune.